



ÅRSMELDING FOR 2025 FOR FJELL KULTURMINNELAG

Fjell kulturminnelag har i 2025 hatt sitt 38. arbeidsår.

Desse har vore i styret for laget:

Ove Midttun	- leiar
Jarle Vindenes	- nestleiar
Steinar Skorpholm	- kassastyrar
Vigdis Landro	- skrivar
Bjarne Tingvoll	- styremedlem
Ingalis Malmo	- 1. varamedlem
Johnny Eide	- 2. varamedlem

Årsmøtet for 2024 vart halde i Knarrevikløa 12. mars 2025. Det møtte 14 medleamar. Øygarden kommune, Kulturavdelinga v/leiar Marian Guddal Hansen møtte og helsa årsmøtet. Kulturminnekonsulent Halvor Skurtveit held innlegg om kulturminnearbeidet i kommunen.

I meldingsperioden har styret hatt sju møte og handsama 36 saker. Møta har vore i kontorlokala til Sotra Gruppen på Vindenes.

Medleamar:

Laget har to æresmedleamar, Else Marie Kind Hevrøy og John Einarsen, og 45 betalande medleamar. Lagspengane er 250 kroner per år. Laget har fått 7 nye medleamar i 2025. Vi har sendt meldingar til folk som tidlegare har vore med i Fjell kulturminnelag, i von å få fleire inn som betalande medleamar.

Valnemnd:

I meldingsåret er Hallgeir Dale og Ingalis Malmo i valnemnda.

Aktivitetar:

Tilskipingar:

Onsdag 20. april hadde vi 27 medlemar frå Øygarden turlag i Nordvikkverna der dei fekk sjå seg om og høyra historia om og bruksmåten til kverna.

Den 7. mai var det samling i Stølaløo på Landro der Arne Bjørøy fortalde om skulehistoria til gardane nord på Sotra. Dei 15 frammøtte fekk sjå òg seg om i løa og vart servert kaffi og noko å bita i.

Vi skipa kulturminnevandring på Algrøy sundag 15. juni. Hans Inge Algrøy som var aktiv då Algrøyboka vart skriven, tok dei 30 frammøtte med frå skulehuset, rundt på garden og ned til kaien og naustmiljøet medan vi fekk ei god innføring i historia til Algrøy.

Sundag 28. september var det kulturminnevandring på Tyssøy. Nils-Arne Ekerhovd viste oss rundt og fortalde om kulturminna og historia til øya. Det var med 17 deltakarar på turen.

To arrangement vart avlyst. Det var ei samling på Haganes og ei samling i Gamlabøteriet på Liaskjeret.

Deltaking:

Kulturminnelaget stilte med plakatkjukk på Friviljugdagen på Sartor Storsenter både 29. mars og 27. september. Vi selde hefte og bøker og freista å verva nye medlemar.

På Langøymarknaden 30.og 31. august hadde vi med det nye heftet «På skuleveg – over stakk og stein». Heftet vart godt motteke og vi fekk selt ein god del. Vi fekk òg selt av «Da va no so da va, da» og «Båtar i Fjell». Laget fekk også nye medlemar.

Gjennom ØygardenFilm har vi fått laga «Turøyfilmen» som har vore vist på fjernsyn – TV Vest. I haust har vi arbeidd med ein film om Brattholmen.

Arbeid elles:

På førespurnad frå Fjell kulturminnelag laga Gudveig Lillebø heftet «På skuleveg – over stakk og stein». Ho gjekk oppmoda folk til å koma med bidrag, og mange kom med skrivne forteljingar medan andre melde seg og vart intervjuet. Heftet kom frå trykkeriet i sommar og salet har vore godt.

Styret har fått laga og montert opplysingsskilt på tre kulturminne.

Lokalet i Knarrevikla er pussa opp og rundt bygget er det rydda.

Ein av kvernkallane på Nordvikkverna måtte skiftast. Den skadde kvernkallen er fjerna og ein snikkar på Nordvik som driv med å vøla gamle bygg, har laga ein ny kall. Mykje regn og stor elv gjorde det uråd å setja kallen på plass att i haust.

Smia på Ulveset har hatt vanleg tilsyn.

Deltaking i tilgrensande organisasjonar:

Nils-Arne Ekerhovd og Nils Ståle Rennedal er med i styret for Stiftinga Knarrevikløa i 2025 for Fjell kulturminnelag. Nils-Arne Ekerhovd er styreleiar. Dei har lagt ned mykje arbeid i løa.

Gudveig Lillebø er kulturminnelaget sin representant i redaksjonen for "Havstrilen" som kom ut med nytt hefte i november.

Ove Midttun er med i styret for ØygardenFilm. Ove Foldnes er varamedlem.

Gudveig Lillebø deltok på skrivekurs i Bergen 26. oktober som vart skipa av Hordaland sogelag.

Økonomi:

Økonomien i kulturminnelaget er bra.

Vi har fått selt eitt titals eksemplar av "Båtar i Fjell" i 2024. Restopplaget av boka står på lager i Knarrevikløa. Salet av både «På skuleveg – over stakk og stein» og «Da va so da va, da» har gitt overskot.

Øygarden kommune gav kulturminnelaget 4 000 kroner i driftstilskot og 15 000 kroner i stønad til arbeidet med å laga ny kvernkall i Nordvikkverna.

SparebankenNorge gav tilskot på 25 000 kroner til arbeidet på Nordvikkverna.

Revisor er John Erik Ågotnes.

Vindenes, 26. januar 2026.

Ove Midttun

Jarle Vindenes

Vigdis Landro

Steinar Skorpholm

Bjarne Tingvoll